

**Laurdag 14. juni er det klart for den tredje låvedansen denne sesongen. Denne gongen er det Heimalanne' som vil syta for dansemusikken.**

Dette bandet vitja også Dønhaug i 2006, og imponerte med dyktige musikarar og fengjande musikk med gode tekstar. Etter at dei gav ut nytt album i 2007, har dei stadig vore å høyra på ulike radiokanalar, i tillegg til at dei har delteke i mange TV-program. To av spora frå den siste CD-en ("Der skal eg bu" og "Set deg ned") låg sommaren/hausten 2007 fleire veker på norsktoppen.

For tida arbeider dei med materiale til ny CD, og dei tek sikte på å spela inn eit par singlar no i andre halvdel i juni.

Bandet består av: Arne Bøe (vokal, gitar), Dag Atle Håland(gitar, mandolin, vokal), Skjalg Kaspersen (bass, vokal), Gunnar Bergstrøm(trommer, nytt medlem mai 08), Bucky Aasheim(gitar, vokal). I tillegg har dei ofte gjesteartistar med seg på ulike arrangement, t.d Egil Skjelnes/Dag Wolf på (steel-gitar), Gunnar Bjelland (piano, orgel), Øystein Fosshagen(fele). Alt låtmaterialet lagar bandet sjølve, og det er det stort sett Arne Bøe som står for.

Meir info om Heimalanne` finn du på heimesida: [www.heimalanne.no](http://www.heimalanne.no)

Fleire og fleire har fått auge og øyrer opp for denne gruppa, som har markert seg som eit framifrå liveband der publikum både lyttar til tekstane og let seg riva med av fengjande melodiar og rytmar.

Billettsalet er godt i gang, og skulle det vera billettar att til laurdag, vil desse bli seld i porten.

Som vanleg blir det bussar både innover og utover i kommunen etter at dansen er slutt.

I tillegg vert det høve til å kjøpa grillmat.

Av Magne Huglen